



Retningslinjer kommunalt kultur- og idrettsstipend

1. Voss herad deler ut stipend til einskildpersonar eller grupper innan kultur- og idrettslivet såleis:
 - a) Stipend til lovande idrettsutøvarar eller idrettstreningar
 - b) Stipend til lovande kunstnarar eller kulturarbeidar
2. Kommunalt kultur- og idrettsstipend kan delast ut til einskildpersonar eller grupper som er inne i ei verdifull etablerings- eller utviklingsfase der eit slikt stipend kan utgjera ein verdifull stimulans til vidare utvikling i kultur- og idrettslivet.
3. Stipendordninga vert lyst ut kvart år. Einskildpersonar og grupper kan sjølve søkja stipend. Lag, organisasjonar og institusjonar kan føreslå aktuelle kandidatar.

Lister over aktuelle kandidatar og forslagsstillarar vil ikkje verta offentleggjorde.

4. Utval for kultur og næring gjer vedtak om tildeling etter framlegg frå Voss idrottsråd og Voss kulturråd.
5. Storleiken på løyvingane til stipendordningane vert vedteken årleg som del av budsjettarbeidet. Stipenda kan delast på ein eller fleire mottakarar innafor dei to kategoriane.
6. Retningslinjene kan endrast av Voss heradsstyre etter framlegg frå Utval for kultur og næring.

Dokument – ID

Utarbeidd av: *Kommunalavdeling kultur og fritid*

Godkjend av/dato: Voss kommunestyre/14.02.2013

Revidert:04.05.2021/Mindre språklege endringar i høve ny kommunal organisering Voss herad

Neste revisjon:

Saksnummer i 360 online: 21/02430